PROSJEKTRAPPORT 2026 · ENKEL NATURRESTAURERING GJENNOM FJERNING AV FRAMANDE ARTAR

Kjempespringfrø i Ulvik



Første sesong av prosjektet «Kjempespringfrø i Ulvik» er over. Mange ulvikjar har vore i sving, og vi er imponerte over engasjementet i bygda. Tusen takk til alle lag, organisasjonar og skuleklassar som har luka gjennom sesongen – og takk til dei som også har stilt opp med ryddesag.

Kva vi har gjort

I prosjektet har vi arbeidd med enkel naturrestaurering ved å fjerne kjempespringfrø, ein framand art som er vurdert til svært høg risiko (SE) på framandartslista til Artsdatabanken.

Arbeidet har gått føre seg i og rundt Ulvikpollen naturreservat. Reservatet er eit våtmarksområde i den indre delen av Ulvikafjorden, der elvar og bekkar møter sjøen. Området har verdifulle strandenger, gruntvassområde og kantskog, og er ein viktig raste- og hekkeplass for fugl.



Arbeidsområdet i og ved Ulvikpollen naturreservat.

Kvifor starte nedst?

Ulvik herad har forvaltingsansvaret for naturreservatet og ønskjer å fjerne kjempespringfrø i og inntil reservatet for å hindre vidare spreiing. Sidan frøa kan spreiast med vassdrag, er det i utgangspunktet best å starte øvst i vassdraget. Fordi det er store førekomstar oppstraums og elles i Ulvik, starta vi likevel nedst ved reservatet, etter ønske frå Ulvik herad, for å verne om dei viktigaste naturverdiane første.







Kunnskap og kommunikasjon

Før det praktiske arbeidet kom i gang, heldt Naturverkstaden føredrag lokalt for frivillige organisasjonar og landbruket om naturrestaurering og framande artar. Dugnaden med Hardanger produksjonsskule vart opna med eit føredrag for elevar og lærarar.

Facebook-gruppa *Kjempespringfrø Ulvik* og e-post har vore dei viktigaste kanalane for å nå ut til dei frivillige.

10
lag og organisasjonar

200
dugnadstimar i 2026

Fakta om kjempespringfrø

- Framand art med svært høg risiko (SE). Opphavleg frå Himalaya, innført som prydplante.
- Ein stor trugsel mot det lokale biologiske mangfaldet.
- Eittårig plante. Kvar plante kan produsere opptil 4000 frø, i snitt 700–800.
- Effektiv metode for nedkjemping er kombinasjon maskinell slått og luking gjennom sesongen over fleire år, og overvaking etter prosjektslutt for å hindre reetablering.





Tusen takk til

- Ulvik bygdekvinnelag
- Ulvik SV
- Hardanger produksjonsskule
- Kor So Helst
- 8. klasse, Ulvik ungdomsskule
- Prestakaien Laugarlag
- Russegruppe 2027
- Ulvik Venstre
- Ulvik sogelag
- Ulvik IL G14





Vegen vidare

Tilstrekkeleg lokalt engasjement er ein viktig suksessfaktor i prosjekt som dette. Denne sesongen har vore ein testsesong der vi har blitt godt kjende med området – og ikkje minst med folket i bygda. Mange påmeldingar og eit flott engasjement gjer at vi har stor tru på at kjempespringfrø kan bekjempast i utvalde område i Ulvik. Erfaringar frå Voss viser at stadig fleire lag vil vere med etter kvart som prosjektet vert kjend.

Tilrådingar for neste sesong:

- Halde fram i området frå i år (høgast prioritet), og utvide oppover Gauro og andre vassdrag som renn ut i og kring reservatet.
- Søkje midlar frå Miljødirektoratet til utviding av prosjektet, og kople arbeidet til SMIL-midlar. Naturverkstaden kan hjelpe bønder og grunneigarar med å fjerne kjempespringfrø, mellom anna ved å arrangere dugnader.
- Ta stilling til andre SE-artar som er observerte i og rundt reservatet, som legepestrot, rynkerose og buskspirea – skal også desse fjernast?

Ein stor takk til ulvikjane som har luka, og til Ulvik herad som har satsa!
Vi håper på vidare samarbeid i åra som kjem.

Helsing Naturverkstaden
v/ dagleg leiar Benedicte Watvedt Skaug

Naturverkstaden AS
Me fiksar naturen - bit for bit